

A close-up photograph of a traditional wooden harp. The harp's body is made of dark wood and features intricate carvings, including a central floral or geometric design. Several strings are visible, running vertically across the frame. The harp is positioned diagonally, with the top left corner of the image showing the upper part of the instrument and the bottom right corner showing the lower part. The background is a soft, out-of-focus grey.

NORDISK INSTRUMENT- SEMINAR

**ONSDAG 8. NOVEMBER – FREDAG 10. NOVEMBER
VALDRES FOLKEMUSEUM, FAGERNES**

Valdresmusea, Valdres folkemusikk- arrangement, Norsk Folkemusikklag og Eric Sahlstrøm Instituttet inviterer til Nordisk instrumentseminar på Fagernes i Valdres.

I sentrum for seminaret står dei eldre, tradisjonelle og sær-
eigne instrumenttradisjonane i Norden. Med seminaret ynskjer
vi å skapa ein arena og eit varig nettverk for instrumentmaka-
rar, forskarar, musikarar og arrangørar.

Hovudmålgruppa for seminaret er profesjonelle og semi-
profesjonelle instrumentmakarar frå heile Norden:

- Instrumentmakarar; amatørar og profesjonelle
- Folkemusikkforskarar; frilans eller med tilknytning til
institusjonslivet
- Instrumentforvaltarar; konservatorar i musea og eigarar
av private samlingar
- Musikarar og dei med interesse for samspelet mellom
instrument og utøving
- Handverkslærarar i grunnskulen og ungdomsskulen

Samarbeidspartnarar er Nasjonal museumsnettverk for musikk
og musikkinstrument og Ringve Musikkmuseum og Rockheim.

ONSDAG 8. NOVEMBER

- 12.00–16.00** Samling for Nasjonalt museumsnettverk for musikk og musikkinstrument
- 17.30–18.15** Foredrag med Matti A. Hakamäki om immateriell kulturarv
- 18.15–19.00** Foredrag med Lisbeth Ahlgren-Jensen, Hortense Panum og langeleiken
- 19.00–20.30** Middag med påfølgande buskspel

10.00–14.00

Workshop for barn og vaksne

For ungdom

Inspirasjonskurs i langeleikbygging for ungdom i alderen 14–18 år. Instruktørar er Oddrun Hegge og Mari Ormberg.

Stad: Valdres Folkemuseum

Påmelding til info@valdres.museum.no

For vaksne

Inspirerende samling for vaksne instrumentmakarar.

Tema: plateavstemming, trimming av stolar, dekor med pensel og stift, lakk og overflatebehandling, produksjon og vedlikehald av strenger.

Stad: Valdres Folkemuseum

Påmelding til: info@valdres.museum.no

TORSDAG 9. NOVEMBER

11.00 Registrering og lønsj

12.00 Velkomen ved arrangørane og musikalsk innslag

BOLK 1: status no: korleis står det til med instrumentmakarfaget?

Etterspørselen etter folkemusikkinstrument er stor, men stadig færre bygger hardingfeler, nøkkelharpar, blåseinstrument og andre musikkinstrument. Kva er status for rekrutteringa til handverket? Kor mange instrumentmakarar finst i Norden i dag? Kva slags studieløp har vi, og finst det vilje hjå myndigheitene til å sikre handverket for framtida?

12.15 **Innleiing til tematikken v/ Bjørn Aksdal (30 min)**

12.45 **Norden rundt – døme på rekrutteringstiltak i Norden (5 min per pers)**

- Benjamin Rygh, Universitetet i Sørøst-Noreg (N)
- Eivind Falk, Norsk håndverksinstitutt (N)
- Stein Villa, Gjøvik Spelmannslag (N)
- Wiebke Lüders, Ole Bull Akademiet (N)
- Magnus Holmström, Eric Sahlström Institutet (S)
- Matti A. Hakamäki, Finlands folkemusikinstitut (F)

13.15 Pause

13.30 **Kva no?**

Samtale om rekruttering, utdanning og status for faget med Oddrun Hegge (N), instrumentmakar, og Astrid Pullar (S), instrumentmakar.
Moderator er Ole Aastad Bråten.

BOLK 2: Musikkinstrument i endring

14.00 Fire presentasjonar à 15 minutt

- Hardingfela v/Bjørn Akسدal (N)
- Sjøfløyta v/Bodil Diesen (N)
- Røineleiken v/Niels Røine (N)
- Nøkkelharpa v/Esbjörn Hogmark og David Eriksson (S)

Kva skal eit folkemusikkinstrument vere?

Kåseri ved Dan Lundberg (S)

15.30 Pause

BOLK 3: Kunnskapsutvikling, til nytte for makarane?

I alle dei nordiske landa skjer det forskning, dei fleste med mål å kaste lys over historikk, spreiding og oppkomst av instrumentarven. I Sverige fekk til dømes Jan Ling sitt arbeid på 60-talet stor betydning for revitaliseringa av nøkkelharpa på 70- og 80-talet.

Kva utbyte har instrumentmakarane og instrumenttradisjonen av forskingsprosjekta? Er forskinga relevant? Bli det forska for lite på folkemusikkinstrument? Kva slags forskning ynskjer musikkarar og instrumentmakarane seg? Kva kan vi gjere for å stimulere til meir forskning?

- ### **15.45**
- Dan Lundberg, innleiing (15 min)
 - Madeleine Modin (30 min)
 - Tellef Kvifte (30 min)
 - Benjamin Rygh (30 min)

17.30 Seminar slutt

19.30 Middag og konsert

FREDAG 10. NOVEMBER

08.55 Velkommen

BOLK 4: Bevaring og bruk

Ved Ringve Musikkmuseum og Rockheim, og Nasjonalt museumsnettverk for musikk og musikkinstrument.

- 09.00**
- Sveinung Søyland Moen, Ringve Musikkmuseum og Rockheim, MiST: Innleiing til tematikken (15 min)
 - Maren Kværness Halberg, Anno Museum: Formidling av trekkspelsamlinga ved museet (30 min)
 - Dan Lundberg, Scenkonstmuseet/Statens musikkverk: Om formidling av musikk- og musikkinstrument ved museet (30 min)
 - Agnete B. Sivertsen og Rannveig Djønné, Hardanger og Voss Museum: Presentasjon av prosjektet hardingfela.no (30 min)

11.00 Lønsj

BOLK 5: Inn til kjernen

- 12.00** **Tre foredrag a 20 minutt (med moglegheit for spørsmål etter kvart foredrag)**
- Norsk Instrumentmakerforening v/Magnus Nedregård (N)
 - Instrumentmakar Jouni Kurki (F)
 - Instrumentmakar Gunnar Stenmark (S)

BOLK 6: Rekruttering til handverket: korleis, kven og kvar?

13.00 Samtale med representantar frå ulike aktørar:

- Norsk Instrumentmakerforening v/Bodil Diesen (N)
- Ole Bull Akademiet v/Håkon Asheim (N)
- Eric Sahlström Institutet v/Magnus Holmström og Esbjörn Hogmark (S)
- Erasmus+ v/Arnfred Marthinsen (N)

Innleiing ved Bendik Smedåsgjelten Qvam (bukkehornmakar) og Alexander Sørnes (student, Universitetet i Sørøst-Noreg). Kva meiner dei yngre instrumentmakarane om problemstillinga?

Moderator er Knut Aastad Bråten

14.30 Seminar slutt



**PÅMELDINGS-
FRIST:
20. OKTOBER**

info på neste side

PÅMELDING

Du melder deg på samlinga via denne lenka:

booking.duell.no/valdresmusea/seimnar-konferanse/event/nordisk-instrumentseminar

Påmeldingsfrist: 20. oktober. Påmeldinga er bindande.

Deltakaravgift kr. 1200,- (NOK)

Deltakaravgifta dekker foredrag, underholdning, to middagar og to lønsjar.

Overnatting og reise må deltakarane dekke sjølve.

Valdresmusea har avtale med Scandic Valdres. Oppgi Valdresmusea som referanse for å få tilgang til medlemsprisar.